



Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
v/Marius Tenden
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2014/139746-003

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.01.2015

Førehandstilsagn til utvida bruk av avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense - Fv. 414 - Nybygg - gnr. 23 bnr. 25 - Radøy kommune

Vi syner til søknaden dykkar dagsett 12.november 2014. Det er søkt om utvida bruk av avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg 414.

Førehandstilsagn om utvida bruk av avkjørsel:

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve for gnr. 23 bnr 25 under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 414 hp 1 ved km 2,983/gnr. 23 bnr. 25 i Radøy kommune.

Vi gjer dykk merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til bustad utover naudsynt grunn- og murarbeid før endeleg godkjent avkøyrsløve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Avkøyrsløvepunkt med frisikt skal opparbeidast som første arbeid, og det skal ikkje gjerast noko anna arbeid før dette er gjort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsløve frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløve.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må være minimum 45 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter).
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
8. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr med diameter minimum 300 mm og tilhøyrande kummar. Røyrret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6
9. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no.

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt ”Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak”.

Dispensasjon frå reglar om byggegrenser i veglova:

Vi gjev med dette dispensasjon frå byggegrensa ved fv 414 hp 1 km 2,983. Dispensasjonen gjeld for bustad med ein avstand på 21 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 23 bnr. 25 i Radøy kommune.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggegrenser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggearbeid ikkje er starta innan 3 år frå dags dato.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side. Vi vil påpeike at trafikkstøy kan vere til ulempe.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglova § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefsingeniør


Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Radøy kommune (e-post)

Vedlegg:
Melding om klagerett
Kart
Prinsippskisse avkjørsle

Small white text, possibly a page number or header, located in the upper left quadrant.

A small, faint mark or character located on the right side of the page.